


Nr 1 - 2024

Møta nye venner - Søkja Gud - Få del i oppdraget

# møte:plassen

Undheimkyrkja støttar familien English i Tsjekkia  
side 4 - 8



Påske-  
sang  
side 3


Nytt frå  
soknerådet  
side 8 - 9

Intervju  
May Brit  
side 10 - 12

Prest i  
praksis  
side 13

«OG EG, TENKJER EG,  
FÅR VERA DEL AV  
DENNE STORE SAMANHENGEN,  
I ROM, I TID,  
FÅ VERA EIN ØRLITEN DEL  
AV DENNE UFATTELIGE  
SAMANHENGEN SOM  
ER KRISTI LEKAM»

- JON FOSSE -



UTGJEVAR:  
Undheim sokneråd

LAYOUT:  
Hanne Brit Sandmark

REDAKSJONEN:  
Steinar Sandvik (pause)  
Laila Undheim  
Hanne Nordbrønd  
Siv H. Undheim  
Hanne Brit Sandmark

ADRESSE:  
Møteplassen  
Time kyrkjekontor  
Pb 373, 4349 Bryne

E-POST:  
[nyheitsblad@gmail.com](mailto:nyheitsblad@gmail.com)

INTERNETT:  
[www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no)  
[www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no)

TRYKK:  
Jærprint, Bryne  
OPPLAG: 600 EKS.

UNDHEIM SOKNERÅD  
KONTONR. 3290.57.20723  
GIVARKONTO: 3325.21.55657

Framsidefoto: Familien English  
Illustrasjonsfoto: Pixabay.com

# Tomas' sang er ein av mine favorittsanger i påsken

Sangen proklamerer at Jesus har stått opp frå dei døde, og lever i dag.

Men vi blir og med inn i mørkre og fortvilinga som elleve disiplar levde i bak lukka dører.

Det menneskelege i møte med det Guddommelege, det livsnære i møte med det himmelnære.

Maria storma inn og ropte: «Hør!» «Han leve, Han leve, Han leve. Det er ingen tvil om det!»

Maria har eit fantastisk bodskap til disiplane som sit fast i sorga over at Jesus blei korsfesta.

Kontrasten mellom sorg, glede, død, oppstandelse og mellom tvil og tru.

Tomas som tvilte og syntes at han måtte sjå før han kunne tru.

Jesus kom til Tomas og sa: «Det er jo mæ. Kom, kjenn på såran mine viss det kan hjelpe dæ!»


Hans Inge Fagervik har skrive sangen, norsk gitarist og låtskriver fra Nordland.

Ser faktisk at han er født 4.oktober, same dato som underteikna. Fagervik har i mange år vore engasjert i Maritastiftelsen med sitt prosjekt "Rock mot Rus", så det passer jo bra med jobben min.

Personleg synest eg hans orginallåt på Nordlandsdialekt er ekstra fin.

Gå inn på Spotify eller YouTube og høy .

Nils Garborg Reiten



*Vi satt for stengte dører,  
elleve menn i lag,  
men vi følte oss så innmari aleina.  
Jesus han var død nå,  
Han gav seg uten slag.  
Ingen sa ett ord,  
vi satt der som forsteina,  
men da hørtes raske fottrinn og banking  
på vårres dør, vi åpna,  
og Maria storma inn og ropte, «Hør»!*

Refr.:

*Han leve, han leve, han leve,  
Jesus er stått opp igjen.  
Han e ikkje lenger i grava,  
no har æ møtt Frelseren.  
Han leve og æ skal få lov til,  
å gå med beskjed.  
Om at Jesus han lever fremdeles i dag,  
det e ingen tvil om det!*

*At grava den va tom,  
det va greit nok det,  
men oppstått, nei det var helt umulig.  
Æ vil så gjerne tru det,  
men æ syns æ måtte se,  
for det heile verka for utrulig.  
Men plutselig så sto han der,  
og sa «Thomas», det e jo mæ,  
kom kjenn på såran mine,  
hvis det kan hjelpe dæ».*

Refr.:

*Han leve, han leve, han leve,  
Jesus er stått opp igjen.  
Han e ikkje lenger i grava,  
no har æ møtt Frelseren.  
Han leve og æ skal få lov til,  
å gå med beskjed.  
Om at Jesus han lever fremdeles i dag,  
det e ingen tvil om det!*

# Nytt frå familien English i Tsjekkia



**Det kommer jevnlig oppdateringer fra arbeidet som familien driver i Tsjekkia, og her et utdrag fra i fjor høst og fram til nå.**

Oversettelse: Laila Undheim

I høst satte Terry seg på skole-benken igjen for å ta master i ledelse. Det var en variert gruppe med studenter både fra Tsjekkia, Makedonia, Romania og Kirgisistan. De har en flott professor til å undervise, og

Terry håper å bli en bedre leder når det treårige studiet er fullført.

I oktober var han mye hjemmefra, bl.a. i Estland. Deretter deltok han på en tre-dagers team-building retreat for det «International Team» til Josiah Venture. Tema for samlingen var «Seier i livet». Her underviste Charlie Bradshaw som har vært mentor for Terry i nesten 10 år. Han og kona Suzi har et sterkt forhold til hele familien, og da retreaten var over tilbrakte de en week-end sammen til fjells. Det var til glede og velsignelse for alle.



## JULEKONSERTEN

Det har gått mye tid til å forberede julekonsertene som holdes i begynnelsen av desember hvert år. Dette året kom det en ekstra utfordring da halvparten av ungdommene ble rammet av Covid to, tre uker før framførelsen. Heldigvis ble ingen svært syke. Fra et musikalsk perspektiv ble julekonsertene en stor suksess, men enda viktigere var alle de gode samtalene som vi fikk ha med kormedlemmene om troen vår. I dagene etterpå fikk vi fine tilbakemeldinger av publikum som hadde vært til stede.

## HANKA`S SKOLEHVERDAG

Hanka, som jobber i skolen, hadde også mange prosjekter i høst. I forbindelse med Thanksgiving arrangerte hun overnatting for studentene, og laget til et godt måltid. Det ble så vellykket at de allerede nå etterlyser et nytt arrangement. Hun har også holdt foredrag for studentene sine om mental helse og livsstil. Dette undervisningsopplegget utviklet hun mens hun studerte i USA i fjor sommer. I tillegg har hun også forberedt julekonsert.

Høsten var svært utfordrende på flere måter så hele familien så fram til juleferie. Vi feiret som vanlig med familie og venner. Første juledag er det tradisjon at vi inviterer folk som ikke har noen å være sammen med. Dette året var det både engelske, amerikanske, tsjekkiske og ukrainske gjester til lunsj, der det ble servert kalkun.

## BARNA SAMMY OG MISA

Sammy hadde en flott håndballsesong helt til han falt stygt etter en takling og brakk armen på to steder. Fram til da var han topp-scorer på laget. Nå er armen heldigvis god igjen. Han spiller også innebandy, og nylig vant laget hans en regional turnering. Det betyr at i mars vil de konkurrere i en nasjonal finale.







Misa begynte å spille bass-gitar sist sommer, og allerede i februar deltok hun i kirkens lovsangs-band. Det var til stor glede og velsignelse for oss. Når hun først bestemmer seg for noe er det ingen ting som stopper henne. Nå holder hun på med en intensiv fysioterapi-behandling etter en kneoperasjon før jul. Målet er å bli sterk nok til å stå på ski i påsken.

### KRIGEN I UKRAINA

Siden krigen startet i Ukraina har Terry og Hanka vært involvert i arbeidet med å sikre at flyktningene i byen blir tatt godt vare på, og at de får mulighet til å høre evangeliet. Da krigen startet ble mye av dette arbeidet betalt av myndigheter, Undheim menighet og andre kirker. Nå har kirkens ukrainske konto gått tom mens arbeidet og utgiftene fortsetter. I Europa er det også i større grad vanskeligere å finansiere langsiktig arbeid for flyktningene. Iryna, en ukrainsk dame, koordinerer våre oppsøkende aktiviteter. Vi vil gjerne at hun fortsetter med den jobben, i alle fall fram til sommeren, men det vil koste ca. kr. 15000. pr. mnd.

### NYTT ÅR

Januar ble en travel måned med lite fritid. Terry forberedte leder-workshops i Estland, Bulgaria og Slovakia. I tillegg ble det gjennomført et femdagers kurs om personalutvikling i Tsjekkia. Selv om det var hektiske dager er det et privilegium å tjene og utruste våre fantastiske medarbeidere. Jo mer travle livene våre er, jo mer blir vi minnet om at hvilen vår er i Kristus. Han inviterer oss først til fellesskap med seg, og så til å bli med Han i sitt arbeid.

I februar skriver Terry om Sonja som han møtte første gang for tjue år siden da et av barna hennes ble med i krikens Ten Sing kor. Nå i februar meldte hun seg frivillig som kokk på kirkens speider week-end. Sonja hjelper til i både speider og gospelkor, men



bekjenner seg ikke som kristen. Da Terry spurte hva som motiverte henne til å bidra på denne måten svarte hun. «Jeg har mottatt så mye fra Gospel Choir, det fyller batteriene mine og de varer hele året. Selvfølgelig ønsker jeg å hjelpe til.» Hennes svar, skriver Terry, minner meg på at vi har så mye å være takknemlige for. Et fellesskap med en kjærlig Far, et sterkt fellesskap av troende, og selvfølgelig Den Hellige Ånds veiledning i livene våre. Noen ganger er det mulig å bli så oppslukt av kirke og kristent arbeid at vi mister dette av synet. Sonja visste hvor hun skulle gå når hun trang påfyll – hva med oss?

Tusen takk for bønn og støtte.  
Det betyr så mye for oss og jobben vår.

Gud velsigne dere.

Familien English  
Terry, Hanka, Misa og Sammy

*Har du lyst å støtte familien?  
Les korleis på neste side!*

Undheim sitt misjonsprosjekt er å støtta organisasjonen Josiah Venture. Den har base i Tsjekkia, og arbeidar i Sentral- og Aust-Europa for å utrusta unge leiarar slik at dei kan følga Jesus og han si misjonsbefaling i deira lokale kyrkje.

Vår kontaktperson i organisasjonen er Terry English, og kyrkjelyden støttar òg han og hans familie direkte. Du kan få regelmessige oppdateringar på korleis det går med familien English og deira arbeid. Sjå på heimesida vår for å melda deg på nyheitsbreva.

Viss du vil støtta organisasjonen direkte, kan du gje til: Mottakar: KAM(KRESTANSKA AKADEMIE MLADYCH).

CZ  
IBAN/Kontonummer: CZ3820100000002200100734  
BIC/SWIFT kode: FIOBCZPPXXX  
Bankforbindelse: FIO BANKA A.S. Tsjekkia  
Adresse:  
KRESTANSKA AKADEMIE MLADYCH  
Emil Pajurka Christian Youth Academy 142  
739 11 Frýdlant nad Ostravici

Korleis du kan støtta økonomisk og korleis du kan få informasjon om arbeidet dei driv

Vil du støtta familien English direkte:

ENGLISH TERRY  
IBAN: CZ95 0300 0000 0002 0602 3662  
SWIFT: CEKOCZPPXXX  
Bank: CSOB Ostrava  
Adresse: OTY Pavla 874  
Postnummer: 72100  
Poststed: Ostrava Svinov  
RADLICKA 333/150  
150 57, PRAGUE  
Tsjekkia (CZ)

## Marit Holen Fotland har vaska i kyrkja for si siste gong

Ho har hatt med seg mannen sin, Per ei stund. Kvar fredag har ho møtt opp tidleg om morgonen for å vaska. Nå skal ho gå av med pensjon. Ho har vore grundig og ikkje vore redd for å ta eit ekstra tak viss det har vore lauv utanfor eller skitne vindauge, sjølv om dette ikkje har stått i vaskeinstruksen.

Marit har vore tilsett i Time kyrkjelege fellesråd frå 2006. Då vaska ho i Fotland barnehage. Då Fotland barnehage vart nedlagt i 2014 byrja ho å vaska i i Undheim barnehage. I tillegg overtok ho vask i Undheim kyrkje og frå då av.

Nå når ho har sluttat har reinhaldsbyrået Weda overteke reinhaldet av Undheim kyrkje. Dei har hatt reinhald av Time og Bryne kyrkje sidan 2019.



Tekst: Siri Vik

Per Fotland og Marit Holen Fotland

Foto: Torvald Tjåland

# Nytt frå soknerådet og dagleg leiar

## VAKANTE STILLINGAR

Det er nå mogleg å søka om stilling som både

### UNGDOMSARBEIDAR I 30% STILLING OG DAGLEG LEIAR I 50% STILLING I UNDHEIM SOKN.

Begge stillingane er faste. Utlysingstekst finn du på heimesida vår. Ikkje nøl med å ta kontakt viss du har spørsmål, og tips gjerne personar som du tenker kan vera aktuelle for stillingane.

Ungdomsarbeidarstillinga er ei stilling som er lett å kombinera med studiar eller andre mindre jobbar. Hovudoppgåva er å driva UKUF som er annankvar laurdag. Ungdomsarbeidaren er òg med i konfirmantarbeidet i soknet.

Dagleg leiar-stillinga er først og fremst ein administrativ jobb. Du fører rekneskap, har personalansvar og leiar den daglege drifta i kyrkja. Dette er òg ein jobb som kan kombinerast med andre jobbar.

## PREST

Undheim har hatt vikarprest lenge nå. Ragnhild Grøndal har vore hos oss nå i mars, men når påsken kjem, tek Roald Byberg over igjen som vikar, og han blir med oss fram til og med juni. Takk Roald for at du seier ja gong etter gong til å vera med oss!

Me veit ikkje kva som skjer etter sommaren, men det er håp om at me i løpet sommaren vil ha ein prest på plass.

## UKUF OG UNGDOMSARBEIDET

Sidan desember har det vore veldig lite aktivitet i ungdomsarbeidet på Undheim. Nå er me klare til å starta litt forsiktig opp igjen.

Oda Vik Straume og Mona Handeland har starta opp igjen Påfyll. Dette er eit tilbod til ungdommar i 8. klasse og oppover annankvar torsdag kl. 14.45 til 16.45.

UKUF skal ha fire samlingar i vår:

16. mars, 13. april, 11. mai og 8. juni.

Merk at tidspunktet for samlingane nå blir 19.00 til 22.00!

Den siste samlinga blir saman med Varden frå Lye og UF frå Bryne. Det er ikkje bestemt kor den samlinga skal vera.

Hanna Tveiten og Astri Fjermestad Eikeland har sagt at dei vil vera med å drifta dette arbeidet desse gongene fram til sommaren. Tusen takk for det!!!

## ÅRSMELDING

Kyrkjestyret og soknerådet hadde årsmøte 17. mars. Årsmeldinga til begge ligg ute på heimesida. Der er mykje informasjon om kva som skjer og kva som blir gjort.

## ØKONOMI

Soknerådet gjekk med eit overskot på om lag 70000 kr i 2023, og på kontoane til soknerådet stod det ved nyttår 1 189 833 kr. Det er tredje året på rad me går med overskot. Takk til alle de som er med og støttar arbeidet! Pengane vil soknerådet spara for å kunna dekka inn eventuelle underskot og investeringar andre år. Når økonomien er solid, får kyrkja større handlingsrom.

## TAKK FOR MEG!

Eg har vore dagleg leiar i Undheim sokn sidan 1. januar 2020. Eg har sett pris på å vera saman med alle dykk som eg har møtt på Undheim i denne tida, og eg kjenner eg er glad i Undheim! Det er mange som står på for arbeidet i kyrkja og for folka som bur på Undheim, og det er mykje omsorg, varme og tru.

Paulus kom med ei oppfordring til Romarane, og den vil eg senda vidare (12,10-12):

“Elsk kvarandre med inderleg syskenkjærleik; set dei andre høgare enn dykk sjølv!

Ver ikkje lunka, men ivrige. Ver brennande i Anden, ten Herren! Ver glade i vona, tolmodige i motgangen, uthaldande i bøna.”

*Frode Skårlund*

## KONTAKTINFO:

Prest: Roald Byberg 400 38 028

Leiar sokneråd: Hanne Brit Sandsmark 996 26 157

Leiar kyrkjestyret: Torvald Tjåland 913 59 619

Musikalsk leiar: Kari Kaald Reiten 908 10 346

Dagleg leiar:

Ungdomsarbeidar:

Leige av kyrkjekjellaren: Torvald Tjåland 913 59 619

Trusopplæringa: Ragnhild Hanssen 51 77 03 77

Konfirmantleiar: Ingrid Time Nærland 401 67 222

Diakon: Praxedes Slettebø 980 28 690

# Lysglimt i mørket

Tekst og foto: Siv H. Undheim

## – EG HAR KJEMPA I TRE ÅR. MEN NO HAR EG SLUTTA Å KJEMPE.

May Brit Merland Arnø sit i hagestova heime på Hommersåk. Ho har nyleg blitt fristilt frå prestestillinga si på Undheim. – Eg kjenner på ei stor sorg. Det har vore ein lang prosess, seier May Brit. Ho seier ho har gode dagar no, til trass for mange migreneanfall i månaden. – Eg er på ein betre plass no enn tidlegare. Eg har kome til eit punkt der eg har innfunne meg med at no skal eg berre leve og vere i kvardagen. Eg treng ikkje gjere noko. Det er nok at eg er.



Bestefaren som ber på skulderen når ein ikkje orkar å gå sjølv, og tek den vesle i handa og leier han med seg medan dei går mot lyset.

## SLUTTA Å BE

May Brit har hatt migrene sidan tenåra, og det har vore til å leve med. Men for tre år sidan auka mengda anfall kraftig. Ho gjekk frå eit-to i månaden, til 15-16. Prestejobben på Undheim som ho treivst så godt i, blei vanskeleg å gjennomføre. Ho måtte ty til sjukemelding.

– Eg har vore mykje sint og kjefta på Gud. Eg forstår ikkje vitsen med dette. Det har vore så gale at eg slutta å be, for eg klarte det rett og slett ikkje. Det har vore ei livskrise for meg og kjennest heilt meiningslaust. May Brit ristar på hovudet. – Det har også vore ei identitetskrise, for kven er eg når eg ikkje er i teneste, eg som har vore aktivt med i kristent arbeid sidan eg var tenåring.

## PÅ RETT PLASS

Ho tørkar ei tåre. – Å kome til Undheim var ei velsigning for meg. Det var slik ein god match med kyrkjelyden, og eg følte eg var heilt på rett plass. Stillinga med 50% sokneprest og 50% kyrkjelydsprest med fokus på barn, familie og trusopplæring, passa meg veldig godt. Eg fekk bruke mange sider av meg sjølv. Det var så fint å få møte alle dei flotte menneska som er engasjert på Undheim, og jobbe tett med dei. Det kjennest som at eg har vore ein del av fellesskapet og kyrkjelyden, seier ho.

– Me hadde starta ein god jobb i lag. Det er så mange ting eg skulle ønske eg kunne fortsette med på Undheim. Det er ein veldig ressurssterk kyrkjelyd, med mange engasjerte frivillige. Eg kjenner likevel på ei sårheit når eg tenker på Undheim, for eg trur det framleis ligg noko i historia til kyrkjelyden i høve kyrkjevedtaket som blei gjort i 2017, som kunne trengt ei forsoning. Eg skulle så gjerne ønskt at alle dei gode kreftene kunne funne saman igjen, seier ho.

Så smiler ho. Ho synest det var sterkt at ho og mannen hennar, Hjalmar, fekk ha gudstenester i lag. Han var med og song i kyrkja. – Det var veldig fint å få vere to om det.

## TVINGA TIL Å STOPPE OPP

Ho har vore i eit løp med uttesting av ulike typar medisinar, og har enno ikkje funne noko som fungerer heilt. – Ein blir veldig



*May Brit Merland Arnø heime i hagestova på Hommersåk.*

tappa av å gå og ha vondt. Eg har ikkje hatt overskot til meir enn å ta vare på meg sjølv. Men på den positive sida har eg blitt ein meister til å planlegge, for eg må ta litt kvar dag, smiler ho.

Ho blei tvinga til å ta livet meir med ro, og etter ei stund blei ho litt betre. Ho var nede i fem-seks anfall i månaden, og kjende på meir overskot og lysta til å prøve seg i jobb igjen. I fjar vår var ho i gang i 50% stilling. – Det var så gildt å ta på seg prestekjolen igjen! Det var ei fantastisk kjensle. Men eg kjende ganske fort at mengda anfall auka, så det var nok for tidleg.

Det ende med ny sjukemelding. No er ho tilbake til 15-16 migreredagar i månaden igjen. – Eg synest det er utruleg synd, eg skulle verkeleg ønske at det ikkje var slik. Det er ei belastning når det er så ustabilt. Både for kyrkjelyden og for meg. Ein veit aldri når neste anfall slår til, fortel ho.

Det var likevel viktig for May Brit å prøve, for no kan ho lukke den døra. – Eg har ein ro for at eg har prøvd alt eg kunne.

### **VIKTIGE LYSGLIMT**

Ho fortel at ho har hatt mange mørke dagar. Men barnebarna har vore som lysglimt for henne. Ho har ei dotter med familie som nabo, som fekk ein gut i 2021. – Det redda meg gjennom dette. At nokon trengte meg, og at eg kunne kome bort til dei om morgonen og vere til nytte, det var enormt viktig. Då hadde eg noko å stå opp til som gav meinings i kvardagen.

Ho smiler igjen. – Han er ein skikkeleg bestemor-gut. I tillegg har eg to andre flotte barnebarn på fem og

seks år, dei er ei velsigning. Eg er veldig heldig med familien min som støtter og hjelper meg. Hagestova har også blitt viktig for henne. Den stod klar hausten 2022, og har blitt eit planterom og stilrom. – Det å så frø, og sjå at noko spirer og gror, det er magisk. Det er veldig godt å vere både i hagestova og ute i hagen, det gir mykje glede. I tillegg har eg prioritert å trena jazzercise kvar veke. Det har vore viktig for meg, både fysisk og mentalt.

Ho seier ho er utruleg takksam for alle som har bedd for henne. – Det har vore helt avgjerande.

Eg har kjent at det har bore meg gjennom dette. Eg klarte ikkje be sjølv, for eg såg ikkje Gud i dette.

*Det blir  
avskjeds-  
gudsteneste for  
May Brit den  
14. april*

### **KOR VAR GUD?**

– Eg har alltid kjent at Gud har vore der i vanskelege periodar i livet mitt, men no gjorde eg ikkje det. Eg har vore sint på Gud.

Og frustrert! Eg har mista tenesta mi. Eg har vore i teneste for han heile livet, og no har eg vore så därleg at eg ikkje har hatt sjans til å gjere noko som helst. Det har vore veldig tungt og vanskeleg, seier ho nedstemt.

– Så kom eg til å tenke på fortellinga om Hagar, som sa: «Du er ein Gud som ser meg». Då skjøna eg at sjølv om eg ikkje ser han, så ser han meg. Det blei godt å oppdage. Han var der heile tida, men eg har ikkje vore i stand til å kjenne det.

Ho viser fram to biletet ho har på veggen. Dei har vore heilt sentrale i relasjonen hennar til Gud denne tida.

– Men det siste året har eg kjent meir at Gud er der igjen. Eg måtte heilt tilbake til det grunnleggande: å få lov å ta i mot nåden. Han var der heile tida, men han

venta til eg var klar til å ta i mot. Han har bore meg gjennom dette, slik som bestefaren på biletet, seier May Brit.

### Å BERRE VERE

May Brit siterer siste linje på ein song av Sølvi Helen Hopland: – «Du er ikkje uunnverleg som min tenar, men som mitt barn er du umisteleg!» Slik kjennest det no, seier ho. Eg kan få lov til å berre vere eit Guds barn, utan å gjere noko. Og kvile i at det er nok. No kan eg også finne roen med at viss det opnar seg ei dør ei gong, så er eg klar for det, meiner ho.

Men helsa er viktigast akkurat no.

Korleis det blir framover veit ikkje May Brit. Ho har primært 50% stilling som prostiprest i Jæren prosti, med moglegheit for 50% i Sandnes prosti i tillegg, men det er usikkert når ho kan starte. – Tanken er at eg skal ha kontor på Bryne, med prosten på Jæren som arbeidsgivar. Viss eg kjem i gang igjen.


Ho rosar arbeidsgivaren og staben på kyrkjekontoret. – Eg har utruleg mykje å vere takknemleg for, smiler ho.

### BARN, IKKJE TENAR

No skal du få vera barn og ikkje tenar  
No skal du få vere liten, ikkje stor  
Ingen spør deg kva du syns og kva du meinar  
Det e`kje du som skal forsvare mitt ord

No skal du få sleppa hendene langs sida  
Du må`kje tru at du skal bera meg!  
Som om eg må haldast oppে heile tida  
Ikkje gløym at det er Eg som bere deg

No skal du få vera svak, legg bort din styrke  
Eg lever fortsatt, sjølv når du er død  
Det er faren når mitt ord blir ditt yrke  
Du tenke mest på alle andre du skal fø



### Håpet lysar alltid sterkest

No skal du få lov til å lytte, ikkje tale  
No kan du ta imot og ikkje gje  
Du kan gråte ut for alt som er gått gale  
Eg vil halde deg og gje deg av Min fred

Eg ropar igjen, har prøvd så mange gongar  
Eg elskar deg mitt barn, Eg elskar deg!  
Du er ikkje uunværleg som min tenar,  
Men som mitt barn er du umisteleg!

Tekst: Sølvi Helén Hopland

### ÅRSMØTE UNDHEIM KYRKJE OG BEDEHUS

Sundag 17. mars 2023 blei årsmøtet for Undheim kyrkje og bedehus halde. Leier Torvald Tjåland gjekk gjennom årsmelding og rekneskap. Desse finst på heimesida til kyrkja:  
[www.undheimkyrkja.no/Informasjon/Kyrkjestyret](http://www.undheimkyrkja.no/Informasjon/Kyrkjestyret)  
Val av nytt styre blei gjennomført. Det nye styre er:

Leiar: Torvald Tjåland  
Medlem: Hans Undheim  
Medlem: Hans Christian Høiland  
Varamedlem: Atle Tjåland  
Varamedlem: Odd Ove Tunheim

### ÅRSMØTE UNDHEIM SOKNERÅD

Etter gudstenest søndag 17. mars 2023 hadde også Undheim sokneråd sitt årsmøte. Leier Hanne Brit Sandmark gjekk gjennom årsmeldinga og Dagleg leiar Frode Skårlund gjekk gjennom rekneskapen.  
Årsmeldinga finn du på heimesida:  
[www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no)

# Intervju med Ragnhild Grøndal

Tekst og foto: Frode Skårlund

Ragnhild Grøndal har vore i praksis som prest hos oss i Undheim frå 19. februar til 24. mars. I den tida har ho delteke i trusopplæring, konfirmantarbeid, ungdomsarbeid, hatt gravferder, dåp og gudstenester. Me er takknemlege for innsatsen som ho la ned hos oss i den perioden ho var med oss!

## - DET ER SIKKERT IKKJE ALLE SOM VEIT SÅ MYKJE OM DEG, RAGNHILD. KVEN ER EIGENTLEG RAGNHILD GRØNDAL?

- Eg er Ragnhild, bor på Sola saman med mann og to barn. Eg er 51 år, og 25 av disse åra har eg budd i Stavanger og på Sola. Tidlegare har eg arbeidd som barne- og ungdomsarbeidar i NMS på Sunnmøre, og som lærar i Stavanger og som menighetspedagog i Sola. Dei siste åra har eg vore teologistudent på VID, tidlegare Misjonshøyskolen.

Eg vaks opp på eit lite småbruk i Langevåg, utanfor Ålesund.

I oppveksten var eg med i kor og korps på bedehuset. Eg spelte fotball og reiste ofte på NMS-leirer. Eg gjekk også mykje på fjellet. På øya eg kjem frå er det eit fjell, Sulafjellet, 776moh. Det var berre å gå ut døra og begynne på fjellturen. Det saknar eg ved å bo på Sola. Her må vi først køyre for å finne fjell. Det gir meg stor glede å vere ute i naturen.

## - DU GÅR NÅ PÅ TEOLOGI-STUDIET. DET ER EIT AV DEI MEIR OMFATTANDE STUDIA ME HAR I NOREG. KORLEIS HAR DET VORE FOR DEG Å STUDERA TEOLOGI?

- Det har vore eit veldig interessant studium. Eg kan godt anbefale både unge og godt vaksne å ta eit eller fleire bibelfag på VID! Det er spennande å lære om gamle bibelske skrifter som har vore gjymde vekk i

mange hundre år, og så har blitt funnet igjen. Og om ulike tolkingar av bibeltekstar, når det same greske ordet kan ha fleire ulike tydingar. Bibelen vart ei rikare bok for meg, etter at eg vart ført inn i andre måtar å lese Bibelen på enn vår tradisjonelle «vestlege» måte. Eg har mellom anna lese i bibelkommentarar frå Arikanske teologar. Dei tolkar bibeltekstar på måtar eg ikkje hadde hørt før. Det har gjeve meg nye perspektiv. Eg legg merke til andre ting ved bibeltekstar i dag enn det eg gjorde tidlegare, for eksempel at kvinner ofte ikkje blir omtala med namnet sitt, men står som namnlause. Og at mange kvinner blir omtala som syndefulle. Eg undrar meg på kva det har hatt å seie for sjølvbiletet til kvinner oppgjennom tidene.

## - HAR DU EI FAVORITTBOK?

Då eg var liten, brukte far min å lese eventyr for oss.

Favoriteventyret var frå ei gamal bok, «Mormorkista», av Torvald Tu. Det fortalte han gang på gang. Denne boka har eg tatt godt vare på. Eg minnast eventyrstundene kvar gong eg koyer forbi Torvald Tus veg.

## - KORLEIS ER TILKNYTINGA DI TIL JÆREN?

Eg kjenner mange flotte jær-buarar! Eg hadde også ein slektning (mors tante) som markerte seg litt på Bryne på 50- og 60-talet, Inga Tusvik. Ho var lektor på Bryne landsgymnas. Eg har snakka med fleire som har hatt henne som lærar. Det synes eg er festleg!

## - KVA VIL DET VERA VIKTIG FOR DEG Å FORMIDLAD SOM PREST?

Eg trur at Gud er raus og at Gud er kjærleik. Vi treng å vere rause mot kvarandre, og gje plass og rom for kvarandre i kyrkja. Livet kan opplevast utfordrande til tider, då treng vi

ei kyrkje som rommar oss og livet slik det er. Då Paulus tala om kjærleiken (1.Kor. 13), sa han «no skjønar eg stykkevis», og «no ser vi i ein spegel, i ei gåte» det er ei audmyk haldning frå han som var ein stor teolog. Vi klarer heller ikkje å sjå og forstå kvarandre heilt ut no. Vi treng rausheit.



Gud skapte lyset  
og livet og meg

*Gud skapte lyset  
og livet og meg,  
og himlen med stjerner  
og jorden med fjell.  
Han vil meg det beste,  
han kjenner min vei  
hver natt og hver morgen,  
hver dag og hver kveld.*

*Refreng:*

*Jeg tror på Gud Fader,  
jeg tror på Guds Sønn,  
jeg tror på Den Hellige Ånd.*

*Så hellig, allmektig,  
så god imot meg,  
treenige Gud  
jeg vil lovsynde deg.*

*Kongen fra himlen  
ble født som min bror,  
han trøstet de svake,  
var venn med de små.  
Han lærte meg sannhet,  
han gav meg sitt ord.  
Han vant over døden  
og er hos meg nå.*

*Her er min kirke.  
Her hører jeg med.  
Her møter jeg andre  
som tror på Guds Sønn.  
Den Hellige Ånd gir meg  
trygghet og fred,  
vi svarer med tillit  
og lovsang og bønn.*

Tekst: Vidar Kristensen  
Melodi: Per Aamodt Tveit

## Døypte i Undheimkyrkja



Kaia Madsen - 07.01.



Maria Magla Undheim  
04.02.



Agate Skrudland Risa  
17.03.



## VELKOMEN TIL GUDSTENESTE KL. 10.30


- 28. mars kl. 19.00 Gudsteneste. Skjærtorsdag. Nattverd.
- 31. mars kl. 10.30 Høgtidsgudsteneste 1. påskedag. Dåp.
- 14. april kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd. Sønd.skule
- 28. april kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd. Sønd.skule
- 5. mai kl. 10.30 Konfirmasjonsgudsteneste.
- 12. mai kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd
- 17. mai kl. 11.00 Gudsteneste 17. mai.
- 20. mai kl. 10.30 Gudsteneste 2. pinsedag. Dåp
- 9. juni kl. 10.30 Gudsteneste. Nattverd.
- 23. juni kl. 10.30 Gudsteneste. Dåp.



# Barnas



## Prikk til prikk



To nötter  
sat på ei benk  
og kjeda seg.  
Så sa dem eine:  
Kom, sa stikk vil

**VitSar**

Per hadde fått  
nye briller, og mor  
hans spurte han:  
– Ser du ora med dei  
nye brillane, Per?  
– ja, papas!


Gje barnetidet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Dosse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
pa [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 24 08 71 00



## Finn fem feil



Her viser Jesus  
seg etter at han  
døde og stod opp  
att. Det to billetta  
er nesten i heile  
ico, men kan du  
finne fem feil på  
ailetat under?

## Kryssord

1.		Eringing i Apostelgjerningane 1,5,16
2.		Konge i Mattetus 2,3
3.		Ryr i Mattetus 21,2
4.		Øy i Apostelgjerningane 18,1
5.		Konge i Romane 4,6
6.		Øy i Lukas 2,11
7.		Stilus i Mattetus 11,32
8.		Arlane i Johannes 20,11

Fr. x Det nye testamentet i Bibelen ført kvar fra til løysingsordet.



Stor takk til sponsorane våre som gjer bladet mogleg!

		<p>Vil du støtta Møteplassen og kyrkja med ei annonse? Send e-post til: undheim.soknerad@timekyrkja.no</p>
		
<p><b>Johs. Egeland &amp; Sønner as</b> Transportforretning 4342 Undheim</p>		<p><b>UNDHEIM HANDELSLAG</b>   undheim@coop.no Tlf. 51779660 Landbruks avd. 51779670</p>
 <p>Bryne, tlf. 480 10 878, man-fre 08-18, lør 09-15 Klikk og hent <a href="#">bondekompaniet.no</a></p>	 <p>GODKJEND ENTREPRENØR ALT I GRAVING OG TRANSPORT Takodla, 4342 Undheim • Tlf: 51 48 49 11 • Fax: 51 48 40 64 • Mob: 971 59 400</p>	 <p><b>SjekkPunkt</b> BILVERKSTED <b>Lye Bil AS</b> Tlf. 400 06 447 <a href="#">post@lyebil.no</a></p>
		 <p>Byggmester Ståle N. Sikveland</p>
		
 <p>Preben Undheim Mobil: 901 74 629 <a href="mailto:preben@pundheim.no">preben@pundheim.no</a> <a href="http://www.pundheim.no">www.pundheim.no</a></p>	 <p>Møllevegen 12, 4360 Varhaug tlf.: 51 79 85 79 <a href="http://www.ahbygg.no">www.ahbygg.no</a></p>	
 <p>Mob.: 975 80 952 Tlf.: 51 61 90 10</p>	 <p>En god kontakt på Jæren Tlf. 51 79 11 70 e-post: <a href="mailto:post@elektrofag.no">post@elektrofag.no</a> <b>EL-PROFFEN</b></p>	 